



Haugen Vva AS
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/173 - 18/14417

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
03.10.2018

Byggesak gbnr 45/177 Manger - fortau - søknad om ferdigattest kan ikkje handsamast

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest i dag 03.10.18 kl. 13.37.

Søknad om ferdigattest er vedlagt gjennomføringsplan som viser at føretaket Grav & Mur AS, som har ansvarsrett for utføring, i samsvarserklæring datert 11.09.18 har erklært at tiltaket er utført i tråd med løyve. Søknad om ferdigattest er vidare vedlagt teikning «som-bygget» som viser at det er eit vesentleg avvik mellom godkjent plassering og faktisk utført plassering. Deler av fortauet er flytta til andre sida av den kommunale veggen.

Det er kommunen si vurdering at tiltaket ikkje er utført i tråd med løyvet, og at endringa er ei søknadspiktig endring. Før kommunen kan handsame søknad om ferdigattest må det sendast inn søknad om endring av løyve. Kommunen gjer merksam på at søknad om endring skal nabovarslast.

Den nye plasseringa av fortauet er dels på kommunen si eigedom gbnr 45/171, dels på Hordaland fylkeskommune (Statens vegvesen) sin eigedom gbnr 45/229 og dels på privat eigedom gbnr 45/367. Det må liggje føre samtykke frå gbnr 45/367 for plassering av fortau på deira eigedom.

Kommunen kan forøvrig ikkje sjå å ha motteke innmålingsdata.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Grav & Mur AS

Nedre Nøttveit 62

5238

RÅDAL

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Fabrikkgaten 7B

5059

BERGEN